


Sakshandsamar:

 Eva Kristin Svidal
 E-post: eva.kristin.svidal@sfj.no
 Tlf.: 91169693

Vår ref.

 Sak nr.: 16/7501-45
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

37311/16

Dykkar ref.
Dato

FØRDE, 04.11.2016

Hovudutval for næring og kultur

Fylkeskulturprisen 2016 - innkomne kandidatar

Nr.	Kandidat	Sjanger	Informasjon/grunngeving for framlegget
1	Svanhilds venner	Kysthistorie, drift av verneverdig skip	Oppretta samstundes med Stiftinga Svanhild i 1995. Har som mål å skape eit aktivt miljø for bevaring og bruk av hardangerjakta «Svanhild» som har heimehamn i Florø. Står for den daglege drifta av skuta. Held skuta ved like på dugnad, og den er i dag eit av dei mest autentisk restaurerte fartøya i landet. Svanhild byr på turar og kurs av ulike typar og lengder. «Svanhild» er ei viktig kulturarv for fylket vårt og viktig del av kysthistoria.
2	Judith Vestreim	Folkesongar	Nominert for sitt arbeid med formidling av folkesong til born. Har drive songgrupper (Krudlalaget) for born i snart 30 år i Sognregionen, og dette arbeidet er også godt kjent ut over regionen og fylket sine grenser. Prosjektet «Toneskrinet» har hatt stor suksess blant dei minste og er utvikla og tilpassa for eldre demtente. Judith har også hatt betydning som solis gjennom trioen «Bufaste tonar» med muskarane Håkon Høgemo og Tom Karlsrud. Vestreim har også drive med kunsthandverk og vore ein aktiv kulturarbeidar på Sogn folkemuseum i ei årrekke. Fekk Sogndal kommune sin kulturpris i 2007.
3	Fres Festival	Musikkfestival	Sidan oppstarten i 2015 har gjengen bak Fres jobba uttretteleg for å bringe musikk av høg kvalitet og underrepresenterte sjangrar til eit stadig større publikum. Dei har jobba utelukkande på dugnad, og har gjennom sin innsats lukkast i å etablere ein av dei mest spanande og unike festivalane Vestlandet har.
4	Jan Ketil Smørðal, Nordfjordeid	Sirkus	Sirkusartist med eige sirkus. Entusiasme og speglede. Han debuterte tidleg som artist og opptredde ved fleire norske og utanlandske sirkus. Starta som ung sitt eige sirkus. Har dei siste åra spreidd sirkusglede til elevar i grunnskulen gjennom turnear i Den kulturelle

			skulesekken. Underheld på eldresenter, asylmottak og hotell. Har sett heimkommunen og fylket på kartet i mange år. Fekk Eid kommune sin kulturpris i 2003.
5	Lillian Samdal	Musikk	Gav i 2015 ut plata «4 vintre» der ho har laga all musikk og tekst sjølv. Ho syng og skriv på nynorsk. Plata fekk strålande mottaking av musikkpressa. Samdal er ein av få som fremjar nynorsk på denne måten, og greier også å heve det lokale og personlige opp på eit allmennmenneskelig nivå. Er utdanna kunstnar.
6	Arild H. Eriksen	Direktør Nordisk kunstnarsenter, Dalsåsen	Har gjennom fleire år drive eit utretteleg arbeid med å kople saman norsk, nordiske og internasjonale kunstnarar til fellesskap på kunstnarsenteret på Dalsåsen. Eit arbeid som har vore viktig, men alt for lite påakta.
7	Finn Loftesnes, Sogndal og Oddleiv Apneseth, Gaular	Fotografar	To fotografar som på kvar sin måte gjennom fotografi har dokumentert og sett Sogn og Fjordane på kartet nasjonalt. Både Finn Loftesnes som naturfotograf og Oddleiv Apneseth som presse- og kunstfotograf har vist at fotografi på ulike måtar er viktige for kulturen både her i fylket og nasjonalt.
8	Kristin Sønnerheim, Aurland	Kulturminne, turvegar	Lagt ned stor innsats for å gjere Aurlandsdalen tilgjengeleg for ålmenta, rydda vegar og stiar, pådrivar for restaureringsarbeid knytt til gamle gardar og støyshus. Samarbeidde med ektemannen Kåre Sønnerheim til han døyde. Halde fram engasjementet aleine etter det. Utan Sønnerheim og mannen sin arbeidsinnsats hadde det ikkje vore mogleg å gå dalen i følgje fotograf Bjørn Bergum som har laga film om Aurlandsdalen. Også drivkraft i sanitetslag og annan lagsaktivitet.
9	Ove Henning Solheim	Initiativtakar og dagleg leiar for Dans utan grenser	Føreslått for arbeidet med Dans utan grenser som har 10 års jubileum i år. Over 600 ungdommar er utdanna til danselærarar gjennom ung til ung formidling, og fleire tusen barn og unge har fått ta del i under visning og danseforestillingar og fylkesturnear. Reiser til utlandet på mellom anna barneheimsturnear til Latvia. Fleire tidlegare medlemmar har utdanning innan dans, koreografi osv. og kjem attende og inspirerer deler av kunnskapen.
10	Dans utan grenser	Dansetilbod til barn og unge, ung til ung formidling	Ein organisasjon som yter eit godt fysisk og sosialt tilbod til unge. Mange blir engasjert i fysisk aktivitet. Ein skaper og utviklar unge talent innan dans. Lærer ungdom å ta kontroll i eige liv.
11	Geirr Vetti	Kulturarv	Føreslått for innsatsen han har gjort med å ta vare på og setje i stand eldre bygningar og kulturlandskap og for internasjonal kunnskapsformidling. Organiserer og er arbeidsgjevar for sherpaer som har jobba med å

			restaurere og sette i stand hus, stiar vegar i heile landet. Fekk Luster kommune sin kulturpris i 2012. Er også tildelt Riksantikvaren sin kulturminnepris.
12	Marita Francis	Hip hop dans	Kjem frå Jølster og starta i 2012 Francis Dance Production for å undervise i Hip hop til unge dansarar i Sogn og Fjordane. Har hatt fleire workshops i fylket og vore vikar på ulike skular. Vart i 2013 nr. 3 i NM i Hip hop, og er ein aktiv og kreativ dansar som har vore med på fleire show og musikkvideoar. Bur i Bergen og jobbar som danselærer i Bergen kulturskule.
13	Fjæra Bluesklubb	Musikkklubb/arrangør	Fjæra Bluesklubb feirar 25 år i år og har arrangert sitt 19. Fjordblues på Sandane. Arrangementet hadde det største programmet i festivalen si historie. Dei hentar inn både veletablerte og nye lovande artistar. Klubben har godt omdøme i bluesmiljøet og har kunnskap, innsikt og eit nettverk som gjer at store artistar kjem til Gloppen. Dei er med på å skape breidde i kulturtilbodet og viser vilje til å utvikle seg i takt med det publikum vil ha. Dei støttar opp om og gjev nye talent frå fylket og utanfrå ei scene å vise seg fram på.
14	Teaterfestivalen i Fjaler	Festival	Ein festival for nyskapande teater som i løpet av fire år har fått eit solid rykte i norsk scenekunst og ei god forankring i bygda og regionen. Suksessfaktor er samspelet mellom det profesjonelle og det lokale, og det ligg ein stor dugnadsinnsats bak.
15	Petter Eide	Kulturarbeidar	Biletkunstnar, museumsman, historieskrivar og spelemann. Blir i Nordfjordboka omtala som «truleg den med allsidige kulturarbeidaren som Gloppen har fostra. Ja, kanskje heile Nordfjord». Viktig del av kunstnarmiljøet i Nordfjord, sentral i Gloppen kunstlag. Illustrasjonar i Årbok for Nordfjord og Jul i Nordfjord. Aktiv spelemann for dansefram syningar både i inn- og utland. Sterk tradisjonsberar. Mangeårig styreformann i Nordfjord folkemuseum, samtidig fagmann og praktisk handverkar. Har vore sentral i arbeidet med «Jul i Nordfjord» og «Årbok for Nordfjord». Har også bidrege til den nye Nordfjordboka. Er no 91 år gamal, noko redusert av slagtilfelle, men framleis aktiv.